

Møtebok årsmøtet 2013 søndag 9. februar 2014 kl 16.00

Desse møtte: Ingunn K Mjåtveit, Mark Ellevåg, Kari Einen, Kenneth Sæbø, Endre B Natvik Egil Røed, Michael Niesar, Bjørn Trovåg, Ingvar Mårstig, Marit Utvær. I tillegg: Viktoria og Lukas K Niesar.

Alle unntatt dei to sistnemde er stemmeberettiga.

Innkalling og sakliste vart godkjent

Val av møteleiar: Michael Niesar vart samråystes vald

Val av 2 personar til å skrive under møteboka: Kari Einen og Mark Ellevåg vart samråystes valde

Val av sekretær: Marit Utvær vart samråystes vald

Sak 1. Årsmeldingar.

Fylgjande årsmeldingar vart lagt fram og lest opp:

- Styret for SIL
- Fotballgruppa
 - o Innspel: Ein må prøve å rekruttere fleire jenter til treningane
- Volleyball
- Innebandy – på rim!
- Barneidrettsskule
- Symjing/basseng
- Badminton
- Step og sirkeltrening
- Trimrommet
- Fjelltrimmen
 - o Innspel: Ein må prøve å finne ein enklare måte å gjere oppteljinga på, dette er svært tidkrevande. Årsmøtet oppfordrar styret om å arbeide vidare med dette.
- Trim og merkegruppa

Vedtak: Årsmeldingane vart godkjende

Sak 2. Rekneskapen 2013.

Michael las opp revidert rekneskap

Vedtak: Rekneskapen vart godkjend

Sak 3. Budsjett 2014.

Michael la fram framlegg til budsjett for 2014.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke

Sak 4. Medlemskontingent.

Medlemskontingenoten vart sist auka på årsmøtet 2011.

Innspel: Ein bør undersøkje muligheita for e-faktura for enklare innkreving

Det bør setjast meir fokus på at alle som deltek på aktivitetane er medlemmar,

Aktivitetsleiarane må få medlemslister for kontroll og enten ta kontakt med dei som deltek på treningane (gjeld vaksne) eller melde vidare til styret for utsending av purringar.

Vedtak: Medlemskontingenoten vert uendra i 2014.

Sak 5. Trimrommet.

Styret har nedsett ei gruppe til å sjå på oppgradering av trimrommet, både når det gjeld utstyr og innreiing. Gruppa består av Mark Ellevåg og Ingunn K Mjåtvæit (frå styret) og Kari Einen (folkehelsekoordinator). I tillegg er Ingvar Mårstig (vaktmeister) invitert til å delta. Ingunn orienterte om arbeidet så langt og la fram eit overslag på kostnad på diverse utstyr på totalt kr 42.000,-. Det vart lag fram fylgjande framlegg til årsmøtet:

Årsmøte 2013 gjev styret i SIL høve til å oppgradere trimrommet med midlar inntil kr 30 000,-, investeringar ut over denne summen må komme frå midlar som ein søker om frå andre aktørar.

Det er viktig at ein nyttar samarbeidspartnarar som t.d. folkehelsekoordinatoren i dette søknadsarbeidet og i utforming av trimrommet for å nå endå fleire av medlemmane i SIL.

Årsmøte ser positivt på at ein nyttar andre leverandørar enn MX Sport i Askvoll under denne oppgraderinga av trimrommet, der dette er naturleg.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke med fylgjande endring: Sum i 1. setning vert endra til kr 40.000,-

Sak 6. Laget sin organisasjonsplan.

I lovnorm for Solund idrettslag går det fram at årsmøtet skal handsame laget sin organisasjonsplan

Saka vart lagt fram direkte i møtet – årsmøtet hadde ikkje innvendingar mot dette.

Michael la fram organisasjonsplanen som er som følgjer:

Verv	Ansvarsområde
Leiar	Styremøter Møte med kommunen Pressekontakt Klubbavtale med MX Sport <i>Basseng, bordtennis, badminton</i>
Nestleiar	Trer inn som vikar for leiar Rekruttering Politiattestar (hovedansvar) <i>Idrettsbana</i>

Sekretær	Møteinnkalling og protokoll Internkontroll Nøklar
Styremedlemmer	Vara politiattestar Kontaktperson i styret for dei ulike aktivitetane i laget (fordelt på alle)
1. vara	Møter fast på alle styremøter
Kasserer	I tillegg til rekneskap: Medlemslister Kontingent

Vedtak: Organisasjonsplanen vart godkjend

Sak 7. Val

Leiar: Framlegg frå valnemda – Michael Niesar

Vedtak: Michael vart samråystes vald.

Styremedlemmar

Fylgjande medlemmar var på val:

Irene Sanden – tek attval

Marit Utvær – tek ikkje attval

Framlegg frå valnemda på nyt styremedlem – Kari Einen

Vedtak: Kari vart samråystes vald

Varamedlemmar

Rune Steinsund og Kathrin E Drakos tek ikkje attval

Framlegg frå valnemda på nye varamedlemmar: Kenneth Sæbø og Endre B Natvik

Vedtak: Kenneth og Endre vart samråystes valde.

Styret i Solund idrettslag får då fylgjande samansetnad:

Leiar Michael Niesar – 1 år

Styremedlem/nestleiar Kim Arnes – 1 år

Styremedlemmer Ingunn K Mjåtveit – 1 år
 Mark Ellevåg – 1 år
 Irene Sanden – 2 år
 Egil Røed – 1 år
 Kari Einen – 2 år

Varamedlemmar Kenneth Sæbø
 Endre B Natvik
 Øystein Espeland

Styrer vel rekkefylgje på varamedlemmane

Kasserer (utanom styret) Heidi Sanden

Revisorar Borgny Leirvåg – 2 år
Vigdis Ravnøy – 1 år

Valnemd Bjørn Trovåg – 2 år
Kjell Mongstad – 1 år

Møtet slutt kl 18.30

Marit Utvær

Marit Utvær
Sekretær

Underskrifter:

Kari Einen

Kari Einen

Mark Elvevåg

Mark Elvevåg